

Merknad til detaljregulering for bustadsområde Strandavegen 101/226 m.fl., PlanID 202304

Dato: 31.10.2024

Tomt: B6 (gnr:101, bnr:173)

Reguleringsplan: Strandavegen 101/226 m.fl., PlanID 202304

Til Bømlo kommune,

Eg skriv med dette ei merknad til reguleringsplanen for vår eigedom tomt B6 (gnr:101, bnr:173) , kor byggegrensa er fastsatt til 10 meter fra senter på kommunal veg. Eg ynskjer å fremje ei merknad med henvising til den regulerte byggegrensa for nabotomta B4 (gnr:101, bnr:172), som er fastsatt til 9 meter fra kommunal veg.

Eg visar med dette til likheit og samanheng i reguleringa: Byggegrensa for vår tomt, B6 og nabotomta, B4 er samanlikkbare og står i kort avstand til kvarandre og det er difor rimelig at reguleringsplanen sikrar likebehandling av eigedomar i nærområdet. En reduksjon av byggegrensa for tomt B6 til 9 meter vil være i tråd med byggegrensen for nabotomta og skaper ei harmonisk utvikling av området.

Trafikk og sikkerhet: Ei byggegrense på 9 meter vil ikkje medføre negative konsekvenser for trafiksikkerheten eller tilgangen til den kommunale veggen. Begge eigedomane vil ha tilstrekkeleg avstand til veggen for å sikra trygg ferdsel.

Estetiske og praktiske hensyn: Ved å justere byggegrensa til 9 meter, vil ein kunne utvikle eigedom B6 på ei meir hensiktsmessig måte uten at det går på bekostning av området estetikk eller funksjonalitet. Ei einsarta regulering i området vil bidra til meir heilskapleg utforming av området.

Me ynskjer at kommunen vurderer ei endring av byggegrensa for tomt B6 til 9 meter, i tråd med reguleringen for nabotomta B4. Håpar på ei positiv behandling av denne merknaden.

Med vennlig hilsen, Tor Ole Hallaråker